

PROTOKOLL

Møte i Utval for helse og omsorg i Nordhordland

Formål:	Møte 3 - 2017
Møtetid:	Fredag 15.september , kl. 09:00 – 12:00
Stad:	Møterom Regionrådet
Til stades:	Stian Herøy, Karstein Totland, Jarle Landås, Peter Kubon, Anita Sørtveit, Ernst Horgen, Ingvild Hjelmtveit, Astrid Aarhus Byrknes og Anne Hildegunn Færøy.
Til stades på sak:	Rolf Tande - sak 18/17 Helga Ellingsen - sak 19/17 og sak 20/17, Kari Bjørkheim - sak 19/17
Ikkje møtt:	Tord Moltumyr
Møteleiar:	Astrid Aarhus Byrknes
Referent:	Anne Hildegunn Færøy

SAKSNR	SAKSLISTE	Vedlegg til sak
16/17	Godkjenning av innkalling og saksliste Innkalling og saksliste - godkjent utan merknader.	
17/17	Godkjenning av referat frå utvalsmøte 2-2017, 19.mai Referat frå møte 2-2017 er godkjent utan merknader.	
18/17	Lokalisering av legespesialistar Rolf Martin Tande gav ei kort oppsummering av saka med status og tankar om vegen vidare, slik det er skissert i saksnotat som var lagt ved sakslista til møte. Utvalet drøfta framlegg til vidare prosess, og er positiv til nedsetting av ei lokal arbeidsgruppe, samansett av representantar frå politisk, administrativt og fagleg hald i kommunane. Gruppa bør i tillegg knyta til ein fastlege og ein legespesialist med erfaring frå etablering av liknande spesialisentsenter som det ein planlegg for i Helsehuset. Forslag til samansetting: <ul style="list-style-type: none"> – Astrid Byrknes - ordførar Lindås kommune og leiar HU, – Ingvild Hjelmtveit - rådmann Osterøy, medl. HU og leiar RU, – Rolf M. Tande, kommuneoverlege Masfjorden og medlem i Fagrådet for kommuneoverlegar – Karin Stang Volden, Spesialist lungesykdommer og tillitsvald i legeforeningen – Anne Laue, fastlege i Meland og PKO – Anne Hildegunn Færøy, samhandlingskoordinator NUI Konklusjon: Utval for helse og omsorg sluttar seg til forslag om å setje ned ei arbeidsgruppe som får i oppdrag å utarbeide strategi og tidsplan for vidare arbeid, samansett slik det er vist til ovanfor. Forslag til mandat for arbeidsgruppa vert handsama i neste utvalsmøte.	
19/17	Velferdsteknologi programmet Kari Bjørkheim, prosjektleiar og Helga Ellingsen, kommunalsjef i Masfjorden orienterte om status og vegen vidare. (Vedlagt presentasjon) Prosjektet har fått tittelen Nordhordland - saman om velferdsteknologi , og er eit	X

	<p>samarbeidsprosjekt mellom 10 kommunar - Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy, Radøy og Vaksdal. Masfjorden kommune er vertskommune for prosjektet. Prosjektperioden er frå 2017 - 2020. Hovudmålet med prosjektet er å utvikla effektive og gode omsorgsløysingar ved hjelp av velferdsteknologi i Nordhordlands kommunane, og skal vere ein integrert del av tenestetilbodet i alle 10 kommunane innan 2020. Prosjektleiing ba m.a om innspel til forslag til visjonen « Saman for velferdsteknologi»</p> <p>Innspel til vidare arbeid: For å sikra den politiske forankringa og eigarskapet i den enkelte kommune vil utvalet oppmoda om at det vert orientert om prosjektet i alle kommunestyra. Utvalet kom med forslag til å ha ein visjon der teknologi ikkje er ein del av ordlyden. Forslag frå utvalet: «Tryggleik i kvardagen - større fridom».</p> <p>Konklusjon: Utvalet takkar for orienteringa og oppmodar om at det vert orientert om prosjektet i samarbeidskommunane sine kommunestyre.</p>	
20/17	<p>Prosjekt psykisk helse og rus - status og plan for vidare arbeid Helga Ellingsen, leiing i styringsgruppa for prosjekt; ØHD og samhandlingsteam innan psykisk helse og rus presenterte status for prosjektet og planar om vidare arbeid for konkretisering av tiltak. Status for kvar av delmåla i prosjektet:</p> <ol style="list-style-type: none"> <u>Etablering av kommunale akutte døgnplassar innan psykisk helse og rus.</u> Arbeidsgruppa tilrår og styringsgruppa har slutta seg til pasientar/brukarar innan psykisk helse og rus skal nytta ØHD - tilbodet som er etablert ved Nordhordland legevakt. Det er meldt om utfordringar med å gje eit optimalt tilbod på grunn av lokala og tilhøyrande fasilitetar i noverande døgnpost, men ein ser at dette vil verta betre når tilbodet kjem inn i Helsehuset. <u>Etablering av samarbeidsteam / FACT team.</u> Arbeidsgruppa tilrår at den kommunale beredskapen (kompetanse og tilgjengelegheit) innan psykisk helse og rus på ettermiddagstid, natt og helg vert styrka og at det vert arbeidd vidare med etablering av felles samarbeidsteam(FACT - team e.l). Tiltak i kommunane og etablering av samh.team vert arbeidd vidare med, og det er m.a planlagt å søkja om statlege midlar til gjennomføring av tiltak. <p>Meir informasjon om prosjektet er lagt ved i PP.</p> <p>Konklusjon: Utval for helse og omsorg takkar for presentasjonen og tar orienteringa til vitande.</p>	X
21/17	<p>Toppleiarmøte - januar 2018</p> <ul style="list-style-type: none"> – innspel til dato og tema <p>Utvalet har desse innspela til gjennomføring av Toppleiarmøte 2018:</p> <ul style="list-style-type: none"> – utvikling av samarbeidsrelasjonar mellom kommune og sjukehus – ønske om at Toppleiarmøte vert planlagt som eit dialogmøte. Ønske om å få tilsendt spørsmål/problemstillingar i forkant for å førebu ein diskusjon. – kva kan kommunane forventast av meir desentraliserte tenester og betre dialog og samhandling? – støttar forslag om 12.januar som møtedato <p>Konklusjon: Utvalet ber om at ovanståande innspel vert formidla inn til SU NH sitt møte 27.september og vurdert som eit felles innspel frå Nordhordlandskommunane.</p>	

22/17	<p>Revisjon av samarbeidsavtalar 2017</p> <p>Anne Hildegunn Færøy gav ei kort orientering om plan for revisjon av samarbeidsavtalar hausten 2017 - kva avtalar som er under revisjon og prosess for gjennomføring og handsaming i kommunane.</p> <p>PP som viser planlagt prosess, tidsplan og kva avtalar som skal til politisk handsaming er vedlagt.</p>	X
23/17	<p>Orientering frå andre råd og utval</p> <p>Fagrådet for kommuneoverlegar:</p> <p>Ernst Horgen viste til orientering som er sendt frå Lindås kommune om legevaktsjefen og overlegen på ØHD hadde siste arbeidsdag ved legevakta og ØHD 31.august. Det er orientert om at konstituert legevaktsjef er på plass og manglande legedekning på ØHD posten har medført stenging av sengeposten i 2 veker.</p> <p>Det vert stilt spørsmål ved korleis samarbeidskommunane kan bidra til å sikre meir stabilitet, kompetanse og leiing over tid.</p> <p>Konklusjon:</p> <p>Utvalet ønskjer å invitere rådmann i Lindås kommune for å få ei orientering om legevakta og ØHD i neste møte.</p>	
24/17	<p>Eventuelt</p> <p>Ingen saker meldt.</p>	